



VESTNES KOMMUNE

Sentraladministrasjonen

Daugstad Bygdelag
v/Bjørn-Vegard Løvik

6392 VIKEBUKT

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tif
11.02.2011		1809/2011	2011/140	Jan Rune Jacobsen 71 18 40 47


E 136 - Tiltak på vegstrekninga rundt Tresfjorden

I samband med bygging av Tresfjordbrua blir det sett av om lag 20 millionar til tiltak på vegen rundt Tresfjorden. Sjå vedlagte skriv frå Statens vegvesen. Vestnes kommune utfordrar med dette bygdelaga om å kome med innspel og idear til best muleg utnytting av desse midlane.

Etter drøfting med vegvesenet er det naturleg å konsentrere seg om strekninga mellom Krogset og Skorgeelva. Problematikken rundt bussknutepunkt i området Brastad/Kjelbotn er såleis ikkje tema, då dette må løysast gjennom bruk av andre løyvingar. For å sette tankane i sving nemner vi som mulege aktuelle tiltak: Gang- og sykkelvegar, veglys, fartsreducerande tiltak i Tresfjord sentrum, busslommer/-skur, fjerning av autovern, trivelegare forhold på brua over Tressa osv.

Vi ber bygdelaga innhente idear i sine respektive område og **inviterer styra i bygdelaga til felles møte den 9. mars kl.1800 på kommunestyresalen**. Målet er å kome fram til ei felles prioritering av aktuelle tiltak, som vegvesenet kan planlegge vidare etter.

Med helsing


Jan Rune Jacobsen
planleggar

Vedlegg:

1 Skriv frå vegvesenet, datert 02.02.2011

Kopi til:

Statens vegvesen, Region Midt

Mottakere:

Tresfjord Bygdelag	v/Øyvind Granberg	6391	TRESFJORD
Daugstad Bygdelag	v/Bjørn-Vegard Løvik	6392	VIKEBUKT
Skorgen Vel	v/Aud Bergdal	6390	VESTNES

Postadresse:

Rådhuset
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon:

71 18 40 00

Telefaks:

71 18 40 01

Org.nr.


939 901 965

E-post:postmottak@vestnes.kommune.no



4

Statens vegvesen



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sylfest Bell - 71274191

Vår referanse:
2011/018413-001

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.02.2011

Ev 136 Tiltak Tresfjorden

Viser til møte den 26. januar på Vestnes rådhus.

På møtet vart det m.a. diskutert litt om type tiltak som bør gjerast rundt Tresfjorden og korleis lokalbefolkninga skal involverst. Det var semje om at kommunen skal administrere kontakten mot lokalbefolkninga med tanke på å få innspel på kva for tiltak dei vil prioritere. Kommunen skal også stå for den formelle delen av planprosessen med annonsering etc, medan Statens vegvesen skal lage planane. Vi veit ikkje enno om alle tiltaka krev reguleringsplanlegging.

Totalt kan vi gjennomføre tiltak for om lag 20 millionar. Det er bevilga egne midlar til reguleringsplanlegginga.

Investeringsmidla på kr. 20 millionar er ført opp under posten for gang- og sykkelveggar. Men generelt vil tiltak som kan reknast som trafikksikkerhetstiltak og miljøtiltak også vere med i vurderingane når vegvesenet/kommunen må gjennomføre den endelege prioriteringa. Forslaga frå lokalbefolkninga treng ikkje nødvendigvis vere konkrete tiltak. Det kan også vere aktuelt å peike på ulike problemstillingar, kva skal løysast, etc. Ein slik prosess vil kunne gi oss ei brukbar oversikt over kva problem som kan knytast til vegstrekinga rundt Tresfjorden.

Vi håper kommunen kontaktar dei ulike bygdelaga snarast råd.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Kjetill Kjersem
seksjonsleiar

Sylfest Bell

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 815 44 040
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52